



aardal

ÅRSMELDING 2014

for

ÅRDAL UTVIKLING

Org.nr: 841843932

29. driftsår

www.greteraardal.com

ÅRDAL UTVIKLING

Selskapet si verksemd

Hovudoppgåva til stiftinga Årdal Utvikling er tiltaksarbeid og næringsutvikling i Årdal kommune.

Årdal Utvikling har pr. 31.12.14 ein eigenkapital på kr. 144.738,-

Aksjar/grunnfondsbevis i andre selskap på kr 250.000,-

Årdal Utvikling har pr. 31.12.14 eit underskot på kr. 560.568,-

I løpet av hausten gjennomførde ein rullering av Strategisk Næringsplan for 2015-2018
I samband med dette arbeidet vart det vedteke ny handlingsplan med budsjett for 2015.

Årdal fekk også ein nedgang i folketalet i 2014. Nedgangen skuldast at industrien også i 2014 gjennomførte store nedbemanningar i første halvår, som vi ikkje klarte å kompensere fullt ut med nye etableringar. Det er likevel viktig å understreke at tida for nedbemanningar i industrien i Årdal no langt på veg er ferdig. Vi ser klare teikn på at dei store industribedriftene no startar å rekruttere ny arbeidskraft att. Også når det gjeld tal lærlingeplassar i industrien, er det god vekst. Handelen i Årdal fekk ei heilt naudsynt investering i 2013, effekten av dette ser vi alt i 2014 ved at handelen i Årdal aukar att etter fleire år med nedgang. Denne positive trenden ser vi også på utviklinga innan dei fleste bransjane våre for siste halvår 2014. Vi trur denne positive utviklinga vil halde fram og styrke seg ytterlegare i 2015. Talgrunnlaget for sysselsettinga er rekneskapstal frå 2013. Taktskiftet vi har opplevd i siste halvår av 2014, viser seg såleis ikkje i desse tala, men Årdal Utvikling er tett på næringslivet i Årdal, og informasjonen vi får frå næringslivet er eintydig - oppgangen har starta for Årdal. I talgrunnlaget er det heller ikkje med nye etableringar som har kome i Årdal i 2014.

Årdal Utvikling har fokusert spesielt på følgjande prosjekt:

- Årdal Utvikling har hatt stort fokus på arbeidet med å auke sysselsettinga innan tenesteytande næringar. Etableringsprosjektet Melås Helse AS med 134 tilsette er no etablert med hovudkontor i Årdal. Desse tala vil vi ikkje sjå att i statistikkane før i 2015, men arbeidet med å utvikle eit bedriftscluster knytt til tenesteyting og helse, har også prioritet i 2015. Konkret arbeider ÅU med eit prosjekt som vi trur vert realisert i 2016. Dette prosjektet vil gi nye 55 arbeidsplassar i Årdal.
- I industrien er det endeleg også nye prosjekt i arbeid. Vi set store voner til at dette vil konkretisere seg i løpet av 2016. Prosjekta er store og har eit mogleg sysselsettingspotensiale på 100 nye industriarbeidsplassar. Men som med alle slike utviklingsprosjekt, så er det framleis store utfordringar som må overvinnast før ein kan realisere prosjekta.

- Teknologibedrifta FRAS AS, har gått konkurs i 2015. Dessverre vart selskapet eit offer for den harde nedbygginga i olje/offshore næringa i 2014/2015. ÅU har med interesse følgt bedrifta sidan 2005, og hadde stor tru på den teknologien selskapet hadde utvikla. Både oljeselskapa, Forskningsrådet og Innovasjon Norge har delteke i prosjektet saman med mellom anna Fjordinvest. Då vi fekk kjennskap til konkursen, før rekneskapan i ÅU for 2014 var godkjent, har vi valt å ta nedskrivninga på aksjane no.
- Også i 2013 har det vore arbeida mykje med å posisjonere Årdal som eit naturleg val for ei framtidsretta satsing frå Hydro si side. Det blir jobba hardt for å få Hydro til å satse i Årdal, og det mest realistiske steget i dag er ei utviding av karbonfabrikken på Årdalstangen. Fram mot 2020 skal Hydro Aluminium auke og utvide anodeproduksjonen på grunn av auka aluminiumsproduksjon dei komande åra. ÅU jobbar intenst for å posisjonere Årdal som lokaliseringsstad for Hydro si satsing. Det gledelege er likevel at Hydro no er ferdig med dei store nedbemanningane, og vi vil oppleve at den største bedrifta vår, også vil opne opp for rekruttering av nye arbeidstakarar i 2015, i takt med at den globale marknaden utviklar seg positivt.
- Det har vore arbeida intenst med å posisjonere utvalde bedrifter inn mot nasjonale forskingsprogram, for å få til ei naudsynt teknologiutvikling. Arbeidt med å posisjonere Årdal som eit teknologiknutepunkt held fram, og vi har tru på at dette arbeidet og vil konkretisere seg i etablering av nye teknologibedrifter i kommunen i dei komande åra.
- Reiseliv og besøksnæringane har også hatt fokus i 2014. Årdal Utvikling har arbeida målretta mot dei største bedriftene i næringen, for å sikre at dei er posisjonert økonomisk for vidare vekst og utvikling. Vi trur at desse næringane vil kunne få ein fin vekst i åra som kjem, og vi vil sjå eit utvikling innan reiseliv, handel og servering som vil vere positivt for både besøkande og fastbuande i kommunen. I 2014 vart grunnlaget lagt, for ei målretta og fokusert satsing på reiselivet dei neste 4 åra.

Årdal Utvikling har nytta midlane slik i 2014:

Årdal Utvikling nyttar midlane på tre hovudområder:

- Drift av ÅU
- Arbeide fram grunnlagsinformasjon/analysar for utvikling av næringslivet
- Utvikle lokale bedrifter og arbeide for at nye bedrifter etablerer seg i kommunen

Drifta av ÅU er no nede på eit minimum, då ÅU over tid har redusert tal tilsette frå 5 til 2. Dette er i samsvar med nedgangen i dei økonomiske rammevilkåra. Sjølv om Årdal kommune framleis yter store midlar til næringsutviklinga, så er det likevel slik at Årdal ikkje lenger er mellom dei kommunane som yter mest til næringsutviklinga i Sogn.

Arbeidet ÅU gjer er definert i SNP 2014 – 2017 og Handlingsplanen 2014.

Kommunedelplanen vert rullert kvart år, og vedteken av Årdal kommunestyre. ÅU vil kome med framlegg om at kommunedelplanen må gjennom ei tung rullering som bør starte opp i 2015, med vedtak desember 2016.

Analysar/grunnlagsinformasjon:

Bransjeanalysar – grunnlag næringsprosjekt	72 400
Ny handel i Årdal – intern rapport butikkar	41 400
Norsun	147 700
Næringsprosjekt forretningsmessig tenesteyting	185 500
Rapport kvalitet innan handel og service	48 500
Juridisk bistand - ulike prosjekt	35300
Eksterne konsulent vurderingar ulike prosjekt	140 000
Telemarkforskning	50 000
Nye arbeidsplassar – kvalifisering nye prosjekt	106 000
Sum	826800

Oversyn over tilsegn i 2014:

Årdal Utvikling har nytta kr 475.000,00 til å utvikle prosjekt saman med aktuelle bedrifter i Årdal. Vi har gjeve til saman kr 279.000,00 i bedriftstilskot til etableringar i kommunen. Totale tilsegn er då for 2014 kr 754.000,00. Av dette beløpet er det utbetalt kr 645.900,00 i 2014.

Årdal Utvikling har realisert følgjande arbeidsplassar i 2014:

Årdal Utvikling er 30 år i 2015, og planlegg ein større presentasjon i september 2015 av arbeidet som vert utført innan næringsutvikling i Årdal. Det er likevel gledeleg at 2014 er det beste året ÅU har hatt, når det gjeld å skaffe nye arbeidsplassar til kommunen. Dessverre så har dei nye arbeidsplassane drukna litt i den massive nedbygginga av sysselsette i industrien, men dette arbeidet til ÅU, har likevel vore svært viktig for Årdal.

Årdal Utvikling har delteke i mange bedriftsetableringar og ekspansjonsprosjekt for eksisterande bedrifter i Årdal i 2014. Totalt har desse prosjekta generert 32 nye arbeidsplassar i kommunen. I tillegg har Norsun auka med 18 nye arbeidsplassar i 2014. Totalt er det ein vekst på 50 arbeidsplassar knytt til organisk vekst eller nyetableringar på prosjekt i Årdal Utvikling sin regi. Årdal Utvikling lukkast også med å få på plass Melås Helse AS i Årdal i 2014. Denne bedrifta tilførte kommunen 134 nye sysselsette i 2014. Årdal Utvikling har i 2014 totalt arbeida fram 184 nye sysselsette i Årdal i 2014. Kva utvikling resten av næringslivet har, veit vi ikkje før i oktober 2015, men vi vonar at nedbygginga av sysselsette har stoppa opp, og at Årdal igjen har positiv sysselsettingsvekst.

Samansetjing av styret

Desse har vore med i styret i 2014:

Styremedlemer

Arild Ingar Læg Reid (styreleiar)
John Normann Melheim (nestleiar)
Vidar Øygard
Martine Holsæter
Line Moen

Personlege varamedlemer

Marie Helene Brandsdal
Glenn Morten Hestetun
Oddny Karin Børtnes
Erling Offerdal
Yvonne Romøren

Styret har hatt 6 ordinære styremøte. I desse møta har styret handsama 49 saker.

Administrasjon

Årdal Utvikling har i 2014 hatt 2 tilsette.

Løn /honorar

Det er utbetalt kr. 20.820,- i styrehonorar, kr. 46.687,- i revisjonshonorar

Arbeidsmiljø

Det er ikkje registrert skader eller ulykker på arbeidsplassen i 2014. Selskapet fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lover og reglar. Det er etter styret si meining god trivsel og eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

Likestilling

I 2014 var 50 % av dei tilsette kvinner. I styret er 40% av medlemmane kvinner. Selskapet driv etter styret si vurdering ikkje i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Ytre Miljø

Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Framleis drift

Styret meiner å kunna dokumentera at det er grunnlag for framleis drift i selskapet. Dette er lagt til grunn i arbeidet med årsmelding og rekneskap for år 2014

GENERELT OM UTVIKLINGA I LOKALT NÆRINGSLEV

Trend i utviklinga av sysselsetjing

Sysselsetting i perioden 2001 – 2013 (Med bustad i kommunen):

	<u>2001</u>	<u>2002</u>	<u>2003</u>	<u>2004</u>	<u>2005</u>	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>
Menn	1638	1582	1539	1515	1456	1454	1553	1587	1597	1561	1530	1446	1425
Kvinner	1368	1329	1312	1316	1246	1265	1304	1341	1329	1309	1270	1241	1186
I alt	3006	2911	2851	2831	2702	2719	2857	2928	2926	2870	2800	2687	2611

- Kilde: Statistisk Sentralbyrå

Sysselsetting i perioden 2001 – 2013 (Med arbeidsstad i kommunen):

	<u>2001</u>	<u>2002</u>	<u>2003</u>	<u>2004</u>	<u>2005</u>	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>
Menn	1770	1732	1713	1692	1625	1626	1634	1734	1752	1690	1709	1564	1475
Kvinner	1322	1273	1246	1243	1195	1190	1227	1270	1271	1243	1266	1196	1137
I alt	3092	3005	2959	2935	2820	2816	2861	3004	3023	2933	2975	2760	2612

- Kilde: Statistisk Sentralbyrå

ØKONOMISKE YTINGAR TIL NÆRINGSUTVIKLING I ÅRDAL.

Næringsretta tiltak - Årdal Utvikling


Årdal Utvikling har nytta kr. 1.583.044,- til utvikling av lokalt næringsliv og næringsretta prosjekt i 2014.


Tilsegn om lån/tilskot – Innovasjon Norge - Fylkeskommunen


Det er gjort vedtak om fylgjande løyvingar i 2014:

- 1) Innovasjon Norge – Melås helse kr. 250.000,-
- 2) Fylkeskommunen - Omstillingsmidlar inntil kr. 1.000.000,-


Årdalstangen, 27.05.2015


Arild Ingar Lægreid


Vidar Øygard


Line Moen


Martine S. Holsæter


John Normann Melheim